

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU) 2019/517****2021/EØS/3/33****av 19. mars 2019****om gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenenamnet .eu, om endring og oppheving av forordning (EF) nr. 733/2002 og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 172,

med tilvising til framleggset fra Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksaft til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(1)</sup>,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosedyren<sup>(2)</sup> og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Toppnivådomenet (TLD – top-level domain) .eu vart innført ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002<sup>(3)</sup> og kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004<sup>(4)</sup>. Den politiske og regelverksmessige situasjonen i Unionen, og internettmiljøet og marknaden har endra seg vesentleg etter at desse forordningane vart vedtekne.
- 2) Den raske utviklinga på TLD-marknaden og det dynamiske digitale landskapet krev framtidssikre og fleksible regelverksrammer. Toppnivådomenet .eu er eit av dei største landkodetoppnivådomena (ccTLD – country code TLD). Toppnivådomenet .eu vert nytta av institusjonane, byråa og organa til Unionen, mellom anna til europeiske prosjekt og initiativ. Føremålet med toppnivådomenet .eu er gjennom god forvalting å styrke unionsidentiteten og fremje unionsverdiane på internett, til dømes fleirspråksbruk, respekt for personvernet og tryggleiken til brukarane og respekt for menneskerettane, i tillegg til særskilde prioriteringar på internett.
- 3) Toppnivådomena er ein viktig del av den hierarkiske strukturen til domenenamnsystemet (DNS), som sikrar eit samverkande system av ein tydige identifikatorar, og som er tilgjengeleg over heile verda, i alle applikasjonar og alle nettverk.
- 4) Toppnivådomenet .eu bør fremje bruken av og tilgangen til internett-nettverka i samsvar med artikkel 170 og 171 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen ved å tilby registrering som utfyller dei eksisterande landkodetoppnivådomena og den globale registreringa av generiske toppnivådomene.
- 5) Toppnivådomenet .eu, som er ei tydeleg nemning som er lett å kjenne att, bør fungere som ei lett identifiserbar tilknyting til Unionen og den europeiske marknaden. Det bør gjere det mogleg for føretak, organisasjonar og fysiske personar i Unionen å registrere eit domenenamn under toppnivådomenet .eu. Eit slikt domenenamn er viktig for å styrke unionsidentiteten på internett. Forordning (EF) nr. 733/2002 bør difor endrast slik at unionsborgarar frå 19. oktober 2019 kan registrere eit .eu-toppnivådomenenamn uavhengig av kvar dei har bustad.
- 6) Domenenamn under toppnivådomenet .eu bør tildelast kvalifiserte søkerar såframt domenenamna er tilgjengelege.
- 7) Kommisjonen bør fremje samarbeid mellom registereininga, Den europeiske unionens kontor for immaterialrett (EUIPO) og andre EU-byrå for å få bukt med spekulativ og utilbørleg registrering av domenenamn, medrekna domenehaiverksem («cybersquatting»), og syte for enkle administrative framgangsmåtar, særleg for små og mellomstore føretak.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 91 av 29.3.2019, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 83/2020 av 12. juni 2020 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tjenester og informasjonssamfunnstjenester) og protokoll 37 om listen omhandlet i artikkel 101, ennå ikke kunngjort.

(<sup>1</sup>) TEU C 367 av 10.10.2018, s. 112.

(<sup>2</sup>) Haldning frå Europaparlamentet av 31. januar 2019 (enno ikkje offentleggjord i TEU) og rådsavsigjerd av 18. februar 2019.

(<sup>3</sup>) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002 av 22. april 2002 om innføring av toppnivådomenet .eu (TEF L 113 av 30.4.2002, s. 1).

(<sup>4</sup>) Kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004 av 28. april 2004 om fastsettjing av allmenne retningslinjer for gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenet .eu, og om prinsippa for registrering (TEU L 162 av 30.4.2004, s. 40).

- 8) For å sikre betre vern av den retten partane har til å inngå avtale med høvesvis registereininga og domeneforhandlarane, bør tvistar om registrering av domenenamn under toppnivådomenet .eu løysast av organ som har sete i Unionen og nyttar relevant nasjonal rett, utan at det rører ved dei rettane og pliktene som medlemsstatane eller Unionen har anerkjent som følgje av internasjonale instrument.
- 9) Kommisjonen bør peike ut ei registereining for toppnivådomenet .eu på grunnlag av ein open, gjennomsiktig og ikkje-diskriminerande utveljingsprosedyre, samstundes som det vert teke omsyn til kostnadseffektivitet og forenkla administrasjon. For å støtte opp om den digitale indre marknaden, byggje opp ein unionsidentitet på internett og oppmuntre til grensekryssande aktivitetar på internett bør fullmakta til å vedta rettsakter i samsvar med artikkel 290 i TVEU delegerast til Kommisjonen med omsyn til kvalifikasjons- og utveljingskriteria og prosedyren for utpeiking av registereininga. Det er særleg viktig at Kommisjonen held høvelege samråd under det førebuande arbeidet sitt, medrekna samråd med sakkunnige, og at slike samråd vert haldne i samsvar med dei prinsippa som er fastsette i den tverrinstitusjonelle avtala av 13. april 2016 om betre regelverksutforming<sup>(5)</sup>. For å sikre ei jamm deltaking under utarbeidninga av delegerte rettsakter er det viktig at Europaparlamentet og Rådet får alle dokument til same tid som dei sakkunnige frå medlemsstatane, og at dei sakkunnige på ein systematisk måte får tilgang til møta i Kommisjonen sine grupper av sakkunnige som utarbeider delegerte rettsakter.
- 10) For å sikre einsarta vilkår for gjennomføringa av denne forordninga bør Kommisjonen gjevast gjennomføringsfullmakt til å vedta listene over domenenamn som medlemsstatane har reservert og sperra, fastsetje dei prinsippa som skal inngå i avtala mellom Kommisjonen og registereininga, og i tilbørleg grunngjevne tilfelle peike ut registereininga når det finst tvingande hastegrunnar til det, særleg for å sikre kontinuitet i tenesta. Denne fullmakta bør utøvast i samsvar med europaparlamets- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011<sup>(6)</sup>. Slike lister bør utarbeidast på grunnlag av dei domenenamna som er tilgjengelege, samstundes som det vert teke omsyn til dei hovuddomenenamna som medlemsstatane alt har reservert eller registrert.
- 11) Kommisjonen bør inngå ei avtale med den utpeikte registereininga som bør fastsetje dei detaljerte prinsippa og framgangsmåtane for registereininga med omsyn til organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu. Denne avtala bør vere tidsavgrensa og kunne lengjast ein gong utan ein ny utveljingsprosedyre.
- 12) Prinsippa og framgangsmåtane som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu, bør inngå som eit vedlegg til avtala mellom Kommisjonen og den utpeikte registereininga.
- 13) Denne forordninga rører ikkje ved bruken av konkuransereglane i artikkel 101 og 102 i TVEU.
- 14) Registereininga bør rette seg etter prinsippa om ikkje-diskriminering og openheit og sikre rettferdig konkurranse ved å gjennomføre tiltak som skal vere godkjende av Kommisjonen på førehand, særleg når registereininga leverer tenester til føretak som ho konkurrerer med i nedstraumsmarknader.
- 15) Det er i dag Internet Corporation for Assigned Names and Numbers (ICANN) som har ansvaret for å samordne delegeringa av kodane for landkodetoppnivådomena til registereiningane. Registereininga bør inngå ei høveleg avtale med ICANN om delegeringa av ccTLD-koden .eu, på grunnlag av dei relevante prinsippa som er vedtekne av det mellomstatlege rådgjevande utvalet (GAC – Governmental Advisory Committee).
- 16) Registereininga bør inngå ei høveleg deponeringsavtale for å sikre kontinuitet i tenestene og særleg sikre at det er mogleg å levere tenester til det lokale internettfellesskapet med minst mogleg skiplingar ved ei eventuell redelegering eller andre uventa omstende. Registereininga bør dagleg sende depositaren ein elektronisk kopi av det aktuelle innhaldet i databasen for toppnivådomenet .eu.
- 17) Framgangsmåtane for alternativ tvisteløysing (AT) som skal vedtakast, bør vere i samsvar med europaparlamets- og rådsdirektiv 2013/11/EU<sup>(7)</sup> og ta omsyn til den beste internasjonale praksisen på dette området, og særleg dei relevante tilrådingane frå Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO – World Intellectual Property Organization), for så langt som råd er å unngå spekulativ og utilbørleg registrering. Desse framgangsmåtane for alternativ tvisteløysing bør følgje einsarta sakshandsamingsreglar som er i tråd med dei reglane som ICANN har fastsett i dei einsarta tvisteløysingsretningslinjene for domenenamn (Uniform Domain Name Dispute Resolution Policy).

<sup>(5)</sup> TEU L 123 av 12.5.2016, s. 1.

<sup>(6)</sup> Europaparlamets- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011 av 16. februar 2011 om fastsettelse av allmenne regler og prinsipper for medlemsstatenes kontroll med Kommisjonens utøvelse av sin gjennomføringsmyndighet (TEU L 55 av 28.2.2011 s. 13).

<sup>(7)</sup> Europaparlamets- og rådsdirektiv 2013/11/EU av 21. mai 2013 om alternativ tvisteløsing i forbrukersaker og om endring av forordning (EF) nr. 2006/2004 og direktiv 2009/22/EF (ATF-direktivet) (EUT L 165 av 18.6.2013, s. 63).

- 18) Retningslinjene som gjeld utilbørleg registrering av .eu-domenenamn, bør omfatte verifisering av dei opplysningsane registereininga mottek, særleg opplysningar om identiteten til dei som søker om registrering av domenenamn, i tillegg til tilbakekalling og sperring av domenenamn for framtidig registrering dersom ein domstol i ein medlemsstat gjennom ei endeleg rettsavgjerd slår fast at domenenamnet er ærekrenkande, racistisk eller på annan måte i strid med lovgevinga i medlemsstaten. Registereininga bør gjere sitt ytste for å sikre at dei opplysningsane ho mottek og registrerer, er korrekte. Som ein del av framgangsmåten for tilbakekalling bør innehavaren av domenenamnet få rimeleg høve til å rette opp eventuelle brot på registreringskriteria eller registreringskrava eller gjere opp uteståande gjeld før tilbakekallinga tek til å gjelde.
- 19) Eit domenenamn som er identisk med eller lett kan forvekslast med eit namn som det er fastlagt ein rett til etter unionsretten eller nasjonal rett, og som er registrert utan nokon rett til eller rettkomen interesse i namnet, bør i prinsippet tilbakekallast og om naudsynt overførast til den rettmessige innehavaren. Dersom det vert slått fast at eit slikt domenenamn har vorte nytta i vond tru, bør det alltid tilbakekallast.
- 20) Registereininga bør vedta klare retningslinjer for å sikre at utilbørleg registrering av domenenamn vert oppdaga i rett tid, og ho bør om naudsynt samarbeide med dei rette styresmaktene og andre offentlege organ innan cyber- og informasjonstryggleik som er særleg involverte i kampen mot slik registrering, til dømes nasjonale einingar for IT-beredskap (CERT – computer emergency response teams).
- 21) Som ledd i kampen mot kriminalitet bør registereininga støtte organ som har ansvar for handheving av lova, ved å gjennomføre tekniske og organisatoriske tiltak for å gje dei rette styresmaktene tilgang til opplysningsar hjå registereininga med sikte på å førebygge, avdekke, etterforske og rettsfølgje lovbrot i medhald av unionsretten eller nasjonal rett.
- 22) Denne forordninga bør gjennomførast i samsvar med prinsippa for personvern og vern av personopplysningar. Registereininga bør følgje dei relevante datasikringsreglane, -prinsippa og -retningslinjene i Unionen, særleg relevante tryggleikskrav, prinsippa om naudsyn, rimeleg samhøve, føremålsavgrensning og forholdsmessig datalagringstid. Dessutan bør alle datahandsamingssystem og databasar som vert utvikla og drifta, ha vern av personopplysningar innbygd og datasikring som standardinnstilling.
- 23) For å sikre eit effektivt jamleg tilsyn bør registereininga for eiga rekning og minst annakvart år underleggjast revisjon av eit uavhengig organ som gjennom ein samsvarsverdningrapport stadfestar at ho oppfyller dei krava som er fastsette i denne forordninga. Registereininga bør legge fram rapporten for Kommisjonen i samsvar med avtala med Kommisjonen.
- 24) Avtala mellom Kommisjonen og registereininga bør omfatte framgangsmåtar for korleis registereininga kan betre organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu i samsvar med rettleiinga frå Kommisjonen som følger av Kommisjonens tilsynsverksemde, slik det er fastsett i denne forordninga.
- 25) I konklusjonane sine av 27. november 2014 om forvalting av internett («Internet Governance») stadfesta Rådet at Unionen går inn for å fremje fleirpartsforvaltingsstrukturar som byggjer på ei rekkje samanhengande, globale prinsipp for internettforvalting. Inkluderande internettforvalting omfattar utvikling og bruk av felles prinsipp, normer, reglar, framgangsmåtar for avgjerdstaking og program som formar utviklinga og bruken av internett hjå styresmakter, privat sektor, sivilsamfunnet, internasjonale organisasjonar og det tekniske samfunnet, etter dei respektive rollene dei har.
- 26) Det bør opprettast ei rådgjevande fleirpartsgruppe for .eu som skal gje Kommisjonen råd, med sikte på å styrke og utvide grunnlaget for god forvalting i registereininga. Gruppa bør spegle av fleirpartsmodellen for internettforvalting, og medlemmene i gruppa, bortsett frå dei som representerer styresmaktene i medlemsstatane og internasjonale organisasjonar, bør peikast ut av Kommisjonen på grunnlag av ein open, ikkje-diskriminerande og gjennomsiktig framgangsmåte. Representantane frå styresmaktene i medlemsstatane bør peikast ut på grunnlag av eit rotasjonssystem som sikrar tilstrekkeleg kontinuitet i deltakinga i gruppa.
- 27) Kommisjonen bør evaluere nytteverdien av og verkemåten til toppnivådomenet .eu. Evalueringa bør omfatte arbeidsmetodane til den utpeikte registereininga og relevansen av oppgåvane hennar. Kommisjonen bør òg jamleg legge fram for Europaparlamentet og Rådet rapportar om verkemåten til toppnivådomenet .eu.

- 28) Denne forordninga er i samsvar med dei grunnleggjande rettane og rettar seg etter dei prinsippa som er sannkjende i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar («pakta»), og som er forankra i traktatane, særleg vern av personopplysningar, ytrings- og informasjonsfridom og vern av forbrukarane. Eigna unionsframgangsmåtar bør følgjast i arbeidet med å sikre at føresegner i nasjonal rett som påverkar denne forordninga, er i samsvar med unionsretten og særleg med pakta. Registrereininga bør søkje rettleiing frå Kommisjonen dersom det er tvil om unionsretten vert etterlevd.
- 29) Ettersom målet for denne forordninga, som er å gjennomføre eit felleseuropeisk toppnivådomene i tillegg til dei nasjonale landkodetoppnivådomena, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor på grunn av omfanget og verknadene av forordninga betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærlieksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.
- 30) For å avgrense risikoene for stans i tenestene til toppnivådomenet .eu under gjennomføringa av dei nye rammereglane, er det fastsett overgangsføresegner i denne forordninga.
- 31) Forordning (EF) nr. 733/2002 bør difor endrast og opphevast, og forordning (EF) nr. 874/2004 bør opphevast.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

**KAPITTEL I**  
**ALLMENNE FØRESEGNER**

*Artikkel 1*

**Føremål og mål**

1. Denne forordninga innfører landkodetoppnivådomenet («ccTLD») .eu og tilgjengelege variantar av dette domenet med andre skriftteikn, for å støtte opp om den digitale indre marknaden, byggje opp ein unionsidentitet på internett og oppmuntre til grensekryssande aktivitetar på internett. I tillegg fastset forordninga vilkåra for gjennomføringa av dette domenet, medrekna utpeikinga av og sætrettrekk ved registrereininga. Forordninga fastset òg den rettslege ramma og rammereglane som den utpeikte registrereininga skal verke innanfor.

2. Denne forordninga rører ikkje ved ordningar som medlemsstatane har for dei nasjonale landkodetoppnivådomena sine.

*Artikkel 2*

**Definisjonar**

I denne forordninga tyder

- 1) «registereining» den eininga som har fått ansvaret for organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu, medrekna vedlikehald av dei tilhøyrande databasane og offentlege sokjetenestene, registrering av domenenamn, drift av registrereininga for domenenamn, drift av TLD-namnetenarane til registrereininga og fordeling av TLD-sonefiler mellom namnetenarar,
- 2) «domeneforhandlar» ein fysisk eller juridisk person som på grunnlag av ei avtale med registrereininga leverer registrerings-tjenester til søkerar som ønskjer å registrere domenenamn,
- 3) «protokollar for internasjonaliserte domenenamn» standardar og protokollar som støttar bruk av domenenamn med skriftteikn som ikkje er ASCII-teikn (American Standard Code for Information Interchange),
- 4) «WHOIS-database» ei samling av data som inneholder informasjon om dei tekniske og administrative sidene ved registrering under toppnivådomenet .eu,
- 5) «prinsipp og framgangsmåtar som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu» detaljerte reglar om verkemåten til og forvaltinga av toppnivådomenet .eu,
- 6) «registrering» den rekka av handlingar og sakshandsamingssteg, frå start til fullføring, som domeneforhandlarar og registrereininga gjennomfører på oppmoding frå ein fysisk eller juridisk person, med sikte på å registrere eit domenenamn for eit visst tidsrom.

## KAPITTEL II

### GJENNOMFØRING AV TOPPNIVÅDOMENET .EU

#### AVSNITT 1

##### *Allmenne prinsipp*

###### *Artikkel 3*

#### **Registreringskriterium**

Følgjande kan søkje om registrering av eitt eller fleire domenenamn under toppnivådomenet .eu:

- a) Unionsborgarar, uavhengig av kvar dei har bustad.
- b) Fysiske personar som ikkje er unionsborgarar, men som er busette i ein medlemsstat.
- c) Føretak som er etablerte i Unionen.
- d) Organisasjonar som er etablerte i Unionen, utan at dette rører ved bruken av nasjonal rett.

###### *Artikkel 4*

#### **Registrering og tilbakekalling av domenenamn**

1. Eit domenenamn skal tildelast den første kvalifiserte søkeren som registereininga har teke imot ein søknad frå i teknisk korrekt form, i samsvar med framgangsmåtane for søknader om registrering etter artikkel 11 bokstav b).
2. Eit registrert domenenamn skal vere utilgjengeleg for ytterlegare registrering fram til registreringa går ut utan å ha vorte fornya eller fram til domenenamnet vert tilbakekalla.
3. Registereininga kan tilbakekalle eit domenenamn på eige initiativ utan å bringe tvisten inn for alternativ tvisteløysing eller rettargang, av desse grunnen:
  - a) Manglande betaling av uteståande gjeld til registereininga.
  - b) Innehavaren av domenenamnet har ikkje oppfylt registreringskriteria i artikkel 3.
  - c) Innehavaren av domenenamnet har brote dei vilkåra for søknader om registrering som er fastsette på grunnlag av artikkel 11 bokstav b) og c).
4. Eit domenenamn kan òg tilbakekallast og om naudsynt deretter overførast til ein annan part etter høveleg alternativ tvisteløysing eller rettargang, i samsvar med dei prinsippa og framgangsmåtane som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu, som er fastsette i medhald av artikkel 11, dersom namnet er identisk med eller lett kan forvekslast med eit namn som det er fastslått ein rett til etter unionsretten eller nasjonal rett, og dersom domenenamnet
  - a) er registrert av innehavaren utan at han har rett til eller ei rettkomen interesse i namnet, eller
  - b) er registrert eller vert nytta i vond tru.
5. Dersom ein domstol i ein medlemsstat slår fast at eit domenenamn er ærekrenkande, rasistisk eller i strid med offentleg orden eller offentleg tryggleik i medhald av unionsretten eller nasjonal rett som er i samsvar med unionsretten, skal registereininga sperre domenenamnet når ho får melding om rettsavgjørda, og tilbakekalle det dersom rettsavgjørda er endeleg. Registereininga skal sperre dei domenenamna som har vore gjenstand for ei slik rettsavgjerd, for framtidig registrering, så lenge rettsavgjørda gjeld.
6. Domnenamn som er registrerte under toppnivådomenet .eu, skal berre overførast til partar som har rett til å registrere .eu-domnenamnenamn.

###### *Artikkel 5*

#### **Språk, gjeldande lovgeving og jurisdiksjon**

1. Ved registreringa av domenenamn skal alle skriftteikna til dei offisielle språka i Unionen nyttast, i samsvar med dei tilgjengelege internasjonale standardane som protokollane for internasjonaliserte domenenamn støttar.

2. Utan at det rører ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1215/2012<sup>(8)</sup> eller dei rettane og pliktene som følgjer av internasjonale instrument som medlemsstatane eller Unionen har anerkjent, skal det i avtaler mellom registereininga og domeneforhandlarar eller i avtaler mellom domeneforhandlarar og dei som søker om registrering av domenenamn, ikkje kunne fastsetjast at gjeldande lovgjeving skal vere noko anna enn lovgjevinga i ein av medlemsstatane, og det skal heller ikkje kunne peikast ut ein domstol, ein skilsdomstol eller eit anna organ utanfor Unionen som relevant tvisteløysingsorgan.

#### *Artikkkel 6*

##### **Reservering av domenenamn**

1. Registreringa kan reservere eller registrere visse domenenamn som vert rekna som naudsynte for driftsfunksjonane hennar, i medhald av avtala i artikkkel 8 nr. 4.

2. Kommisjonen kan påleggje registreringa å reservere eller registrere eit domenenamn som skal nyttast av EU-institusjonane og -organa, direkte under toppnivådomenet .eu.

3. Medlemsstatane kan, utan at det rører ved dei domenenamna som alt er reserverte eller registrerte, gje Kommisjonen melding om ei liste over namn som

- a) i medhald av nasjonal rett ikkje skal registrerast, eller
- b) kan registrerast eller reserverast berre som hovuddomene av medlemsstatane.

Med omsyn til bokstav b) i dette nummeret skal slike domenenamn avgrensast til allment anerkjende geografiske eller geopolitiske omgrep som har innverknad på den politiske eller territoriale organiseringa til medlemsstaten.

4. Kommisjonen skal vedta dei listene som medlemsstatane har gjeve melding om, ved bruk av gjennomføringsrettsakter. Desse gjennomføringsrettsaktene skal vedtakast i samsvar med den granskingsprosedyren som er nemnd i artikkkel 17 nr. 2.

#### *Artikkkel 7*

##### **Domeneforhandlarar**

1. Registreringa skal akkreditere domeneforhandlarar etter rimelege, gjennomsiktige og ikkje-diskriminerande framgangsmåtar for akkreditering som Kommisjonen skal ha godkjent på førehand. Registreringa skal syte for at framgangsmåtane for akkreditering er offentleg tilgjengelege og at det er enkelt å få tilgang til dei.

2. Registreringa skal nytte tilsvarende vilkår under tilsvarende omstende overfor akkrediterte .eu-domeneforhandlarar som leverer tilsvarende tenester. Registreringa skal levere tenester og informasjon til domeneforhandlarane på same vilkår og med same kvalitet som for sine eigne tilsvarende tenester.

#### AVSNITT 2

##### ***Registrering***

#### *Artikkkel 8*

##### **Utpeiking av registreringa**

1. Kommisjonen skal vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkkel 18 for å utfylle denne forordninga gjennom fastsetjing av kvalifikasjons- og utveljingskriteria og prosedyren for utpeiking av registreringa.

2. Kommisjonen skal ved hjelp av gjennomføringsrettsakter fastsetje dei prinsippa som skal inngå i avtala mellom Kommisjonen og registreringa. Desse gjennomføringsrettsaktene skal vedtakast i samsvar med den granskingsprosedyren som er nemnd i artikkkel 17 nr. 2.

3. Kommisjonen skal peike ut ei eining som registrering etter at den prosedyren som er nemnd i nr. 1 og 2, er utført.

<sup>(8)</sup> Europaparlements- og rådsforordning (EU) nr. 1215/2012 av 12. desember 2012 om domsmyndighet og anerkjennelse og fullbyrdelse av rettsavgjørelser på det sivilrettslige og handelsrettslige område (TEU L 351 av 20.12.2012, s. 1).

4. Kommisjonen skal inngå ei avtale med den utpeikte registereininga. Avtala skal fastsetje reglane, retningslinjene og framgangsmåtane for tenesteytinga frå registereininga og vilkåra for tilsynet Kommisjonen skal føre med registereininga med omsyn til organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu. Avtala skal vere tidsavgrensa og kunne lengjast éin gong utan at det må gjennomførast ein ny utveljingsprosedyre. Avtala skal synleggjere pliktene til registereininga og omfatte dei prinsippa og framgangsmåtane som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu, som er fastsette på grunnlag av artikkel 10 og 11.

5. Som unntak frå nr. 1, 2 og 3 kan Kommisjonen, der det finst tvingande hastegrunnar til det, peike ut registereininga ved hjelp av gjennomføringsrettsakter som straks skal ta til å gjelde, i samsvar med prosedyren i artikkel 17 nr. 3.

#### *Artikkkel 9*

#### **Særtrekk ved registereininga**

1. Registereininga skal vere ein ideell organisasjon. Ho skal ha forretningskontoret sitt, hovudadministrasjonen sin og hovudføretaket sitt innanfor territoriet til Unionen.

2. Registereininga kan krevje gebyr. Desse gebyra skal ha direkte samanheng med kostnader som har kome på.

#### *Artikkkel 10*

#### **Pliktene til registereininga**

Registereininga skal

- a) fremje toppnivådomenet .eu over heile Unionen og i tredjestatar,
- b) overhalde dei reglane, retningslinjene og framgangsmåtane som er fastsette ved denne forordninga, den avtala som er nemnd i artikkel 8 nr. 4, og særleg unionsregelverket for datasikring,
- c) organisere, administrere og forvalte toppnivådomenet .eu i ålmenta si interesse og sikre høg kvalitet, openheit, tryggleik, stabilitet, føreseielege vilkår, pålitsgrad, tilgang, effektivitet, ikkje-diskriminering, like konkurransevilkår og forbrukarvern i alle delar av administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu,
- d) inngå ei høveleg avtale om delegering av toppnivådomenekoden .eu, såframt Kommisjonen på førehand har gjeve samtykke til det,
- e) registrere domenenamn under toppnivådomenet .eu når ein søker som er kvalifisert etter artikkel 3, ber om det,
- f) utan at det rører ved eventuelle rettslege steg, og på det vilkåret at dei partane som det gjeld, er garanterte rett sakshandsaming, sikre at domeneforhandlarar og dei som søker om registrering av domenenamn, har høve til å løyse alle avtaletvistar med registereininga gjennom alternativ tvisteløysing,
- g) sikre tilgjengelighet og integriteten til databasane som inneholder domenenamn,
- h) for eiga rekning og med Kommisjonen sitt samtykke inngå ei avtale med ein velrenomert forvaltar eller ein annan depositar som er etablert innanfor territoriet til Unionen, og peike ut Kommisjonen som føremonshavar i deponeringsavtala og dagleg sende forvaltaren eller depositaren ein oppdatert elektronisk kopi av innhaldet i databasen for toppnivådomenet .eu,
- i) utarbeide listene i artikkel 6 nr. 3,
- j) fremje Unionens mål innanfor internettforvalting, mellom anna ved å delta i internasjonale forum,
- k) offentleggjere prinsippa og framgangsmåtane som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu, som er fastsette på grunnlag av artikkel 11, på alle dei offisielle språka til institusjonane til Unionen,
- l) for eiga rekning, få eit uavhengig organ til å gjennomføre ein revisjon minst annakvart år for å stadfeste at registereininga etterlever denne forordninga, og sende resultatet av slike revisjonar til Kommisjonen,
- m) når Kommisjonen ber om det, delta i arbeidet til den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu og samarbeide med Kommisjonen for å betre verkemåten til og forvaltinga av toppnivådomenet .eu.

*Artikkkel 11***Prinsipp og framgangsmåtar som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu**

Den avtala som vert inngått mellom Kommisjonen og den utpeikte registereininga i samsvar med artikkkel 8 nr. 4, skal innehalde dei prinsippa og framgangsmåtane som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu, i samsvar med denne forordninga, medrekna følgjande:

- a) Retningslinjer for alternativ twisteløysing.
- b) Krav til og framgangsmåtar for søknader om registrering, retningslinjer for verifisering av registreringskriterium, retningslinjer for verifisering av opplysningane til søkerane og retningslinjer som gjeld spekulativ registrering av domenenamn.
- c) Retningslinjer som gjeld tilbørleg registrering av domenenamn, og retningslinjer for rettidig identifikasjon av domenenamn som er vortne registrerte og nyttar i vond tru, slik det er nemnt i artikkkel 4.
- d) Retningslinjer for tilbakekalling av domenenamn.
- e) Handsaming av immaterialrettar.
- f) Tiltak for å gje dei rette styresmaktene tilgang til opplysningar hjå registereininga med sikte på å førebyggje, avdekke, etterforske og rettsforfølge lovbro i medhald av unionsretten eller nasjonal rett som er i samsvar med unionsretten, og underlagt høvelege kontrollordningar.
- g) Detaljerte framgangsmåtar for endring av avtala.

*Artikkkel 12***WHOIS-database**

1. Registereininga skal med tilbørleg aktsemd opprette og forvalte ein WHOIS-database som inneholder nøyaktige og ajourførte registreringsopplysningar om domenenamna under toppnivådomenet .eu, for å sikre tryggleiken, stabiliteten og toleevna til toppnivådomenet .eu.
2. WHOIS-databasen skal innehalde relevante opplysningar om kontaktpunkta som administrerer domenenamna under toppnivådomenet .eu, og om innehavarane av domenenamna. Opplysningane i WHOIS-databasen skal ikkje gå utover det som er naudsynt for føremålet med databasen. Registereininga skal etterleve europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/679(<sup>9</sup>).

**AVSNITT 3****Tilsyn med registereininga***Artikkkel 13***Tilsyn**

1. Kommisjonen skal overvake og føre tilsyn med registereininga når det gjeld organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu.
2. Kommisjonen skal forsikre seg om at registereininga har god økonomistyring, og at ho etterlever denne forordninga og dei prinsippa og framgangsmåtane som gjeld verkemåten til toppnivådomenet .eu, som er nemnde i artikkkel 11. Kommisjonen kan be om opplysningar frå registereininga for dette føremålet.
3. Som ein del av tilsynsverksemda si kan Kommisjonen gje registereininga særskilde instruksar om å korrigere eller betre organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu.
4. Kommisjonen kan ved behov rådspørje den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu og andre relevante interessepartar og sørke råd frå sakkunnige om resultata av den tilsynsverksemda som er fastsett i denne artikkelen, og om korleis registereininga kan betre organiseringa, administrasjonen og forvaltinga av toppnivådomenet .eu.

(<sup>9</sup>) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/679/EU av 27. april 2016 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger samt om oppheving av direktiv 95/46/EU (generell personvernforordning) (TEU L 119 av 4.5.2016, s. 1).

*Artikkkel 14***Den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu**

1. Kommisjonen skal opprette ei rådgjevande fleirpartsgruppe for .eu. Den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu skal ha følgjande oppgåver:

- a) Gje Kommisjonen råd om gjennomføringa av denne forordninga.
  - b) Gje Kommisjonen fråsegner om strategiske spørsmål knytte til forvalting, organisering og administrasjon av toppnivådomenet .eu, medrekna spørsmål som gjeld cybertryggleik og datasikring.
  - c) Gje Kommisjonen råd i saker som gjeld overvaking av og tilsyn med registereininga, særleg med omsyn til den revisjonen som er nemnd i artikkel 10 bokstav l).
  - d) Gje Kommisjonen råd om beste praksis for retningslinjer og tiltak mot utilbørleg registrering av domenenamn, særleg registreringar som er gjorde utan rettar eller rettkomne interesser, og registreringar som er nytt a vond tru.
2. Kommisjonen skal ta omsyn til alle råd frå den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu ved gjennomføringa av denne forordninga.
3. Den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu skal vere samansett av representantar for interessepartar som er etablerte i Unionen. Desse representantane skal kome frå privat sektor, tekniske miljø, sivilsamfunnet og akademia, og frå styresmaktene i medlemsstatane og internasjonale organisasjonar. Dei representantane som ikkje kjem frå styresmaktene i medlemsstatane og internasjonale organisasjonar, skal utpeikast av Kommisjonen gjennom ein open, ikkje-diskriminerande og gjennomsiktig framgangsmåte samstundes som det vert teke mest mogleg omsyn til likestilling mellom kvinner og menn.
4. Utan omsyn til nr. 3 kan den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu omfatte ein representant for interessepartar som er etablerte utanfor Unionen.
5. Leiaren for den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu skal vere ein representant for Kommisjonen eller ein person som Kommisjonen har utpeikt. Kommisjonen skal ta hand om sekretariatsfunksjonane for den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu.

**KAPITTEL III****SLUTTFØRESEGNER***Artikkkel 15***Atterhald om rettar**

Unionen skal ha alle rettar til toppnivådomenet .eu, særleg alle immaterialrettar eller andre rettar til dei av registereininga sine databasar som er naudsynte for å sikre gjennomføringa av denne forordninga, i tillegg til retten til å peike ut ei ny registereining.

*Artikkkel 16***Evaluering og revisjon**

1. Innan 13. oktober 2027 og deretter kvart tredje år skal Kommisjonen vurdere gjennomføringa av, nytteverdien av og verkemåten til toppnivådomenet .eu, særleg på grunnlag av dei opplysingane som registereininga har lagt fram i samsvar med artikkel 10 bokstav l).
2. Innan 30. juni 2020 skal Kommisjonen på bakgrunn av gjeldande praksis vurdere om og korleis registereininga skal samarbeide med EUIPO og andre EU-byrå for å få bukt med spekulativ og utilbørleg registrering av domenenamn, og vurdere om det bør innførast enkle administrative framgangsmåtar, særleg for små og mellomstore føretak, og i så fall korleis dette skal gjerast. Kommisjonen kan om naudsynt føreslå ytterlegare tiltak på dette området.
3. Innan 13. oktober 2024 skal Kommisjonen vurdere om det er mogleg å utvide kriteria i artikkel 9 og eventuelt kome med eit framlegg til regelverk.
4. Kommisjonen skal legge fram for Europaparlamentet og Rådet ein rapport om resultata av den vurderinga som er nemnd i nr. 1 og 2.

*Artikkkel 17***Utvalsprosedyre**

1. Kommisjonen skal få hjelp av Kommunikasjonsutvalet (COCOM), som vart oppnemnt ved europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2018/1972<sup>(10)</sup>. Det nemnde utvalet skal vere eit utval slik det er fastsett i forordning (EU) nr. 182/2011.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 i forordning (EU) nr. 182/2011 nyttast.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 8 i forordning (EU) nr. 182/2011 jamført med artikkel 5 i den same forordninga nyttast.

*Artikkkel 18***Utøving av delegert fullmakt**

1. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter vert gjeven Kommisjonen med etterhald for dei vilkåra som er fastsette i denne artikkelen.
2. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter som er nemnd i artikkel 8 nr. 1, skal gjevast Kommisjonen for ein periode på fem år frå 18. april 2019. Kommisjonen skal utarbeide ein rapport om den delegerte fullmakta seinast ni månader før femårs-perioden går ut. Den delegerte fullmakta skal lengjast stillteiande for periodar med same lengd, med mindre Europaparlamentet eller Rådet set seg imot ei slik lenging seinast tre månader før utgangen av kvar periode.
3. Den delegerte fullmakta som er nemnd i artikkel 8 nr. 1, kan når som helst kallast tilbake av Europaparlamentet eller Rådet. Ei avgjerd om tilbakekalling inneber at den delegerte fullmakta som er oppført i avgjerda, sluttar å gjelde. Avgjerda tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen* eller på eit seinare tidspunkt som er oppført i avgjerda. Ho rører ikkje ved rettskrafta til delegerte rettsakter som alt har teke til å gjelde.
4. Før Kommisjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han rådføre seg med sakkunnige som er utnemnde av kvar medlemsstat i samsvar med prinsippa i den tverrinstitusjonelle avtala av 13. april 2016 om betre regelverksutforming.
5. Så snart Kommisjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han melde frå om dette samstundes til Europaparlamentet og Rådet.
6. Ei delegert rettsakt som vert vedteken i medhald av artikkel 8 nr. 1, skal ta til å gjelde berre dersom Europaparlamentet eller Rådet ikkje gjer innvendingar innan to månader etter at rettsakta er meld til Europaparlamentet og Rådet, eller dersom både Europaparlamentet og Rådet, før den nemnde fristen har gått ut, har meldt frå til Kommisjonen om at dei ikkje vil gjere innvendingar. Etter initiativ frå Europaparlamentet eller Rådet vert denne fristen lengd med to månader.

*Artikkkel 19***Overgangsføresegner**

1. Innehavarar av domenenamn som er registrerte i medhald av artikkel 4 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002, skal få halde ved lag rettane sine til dei eksisterande domenenamna.
2. Innan 12. oktober 2021 skal Kommisjonen gjere dei tiltaka som er naudsynte for å peike ut ei eining som registereining, og inngå ei avtale med registereininga i samsvar med denne forordninga. Avtala skal gjelde frå 13. oktober 2022.
3. Den avtala som er inngått mellom Kommisjonen og registereininga i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav c) i forordning (EF) nr. 733/2002, skal gjelde til og med 12. oktober 2022.

<sup>(10)</sup> Europaparlements- og rådsdirektiv (EU) 2018/1972 av 11. desember 2018 om fastsettelse av et europeisk regelverk for elektronisk kommunikasjon (TEU L 321 av 17.12.2018, s. 36).

*Artikkel 20***Endring av forordning (EF) nr. 733/2002**

I artikkel 4 nr. 2 i forordning (EF) nr. 733/2002 skal bokstav b) lyde:

- «b) registrere domenenamn under toppnivådomenet .eu gjennom akkrediterte .eu-domeneforhandlarar på vegner av
- i) unionsborgarar, uavhengig av kvar dei har bustad,
  - ii) fysiske personar som ikkje er unionsborgarar, men som er busette i ein medlemsstat,
  - iii) føretak som er etablerte i Unionen, eller
  - iv) organisasjonar som er etablerte i Unionen, utan at dette rører ved bruken av nasjonal rett.»

*Artikkel 21***Oppheving**

Forordning (EF) nr. 733/2002 og (EF) nr. 874/2004 vert oppheva frå 13. oktober 2022.

*Artikkel 22***Ikraftsetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 13. oktober 2022.

Artikkel 20 skal likevel nyttast frå 19. oktober 2019.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel 19. mars 2019.

*For Europaparlamentet*

A. TAJANI

*President*

*For Rådet*

G. CIAMBA

*Formann*